


**Aktuell ferje-limerick!**

**11.01.2016**



**Vår kjende og dugande limerick-smed Olaf Agnar Gausvik har oppretta ei eiga facebook-side Limerickens beste vener. På denne sida serverer han og andre dagleg nye, gode og treffande vers innan denne sjangeren dagleg. Ein annan kjend kvinnhering, Jorunn Toskedal, er og ein meister i å snikra saman daglege aktuelle vers.**

Det er tydeleg at også Olaf Agnar Gausvik har fått med seg at ferjetrafikken rundt Kvinnherad er svært heit i nyhende-samanheng. Han serverer i dag følgjande ferje-limerick:

Skal du reisa med ferja på fjorden  
til Kvinnherad eller til Storden,  
rår eg til at du krev  
å sjå godkjenningsbrev  
for kompasset, motoren og roren

Dei som likar sida **Limerickens beste vener** på facebook er sikra aktuelle vers med god humor kvar einaste dag!

Tekst: Thor Inge Døssland  
Illustrasjon frå Kvinnheringen/Lars Slettebø